



Else Karin Iversen
Haakonvernveien 149
5173 LODDEFJORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1601 - 18/26120

Saksbehandlar:
Kristin Moe
kristin.moe@meland.kommune.no

14.12.2018

Grunneigaravtale gnr. 10 bnr. 74

Meland kommune skal leggje nye vass- og avlaupsleidningar frå Holmeknappen til Tveit. I same grøft på delar av strekket skal det også leggjast kablar for fiber og veglys.

Rettar til grunnen

I samband med utbygginga må kommunen ha ein avtale med dei grunneigarane som får leidningar lagde over sine eigedommar. Avtalen er ei standardavtale som blir brukt på tilsvarande anlegg i kommunen.

Meland kommune ber om at vedlagte avtaler vert underskrive, og ber dykk sende avtalene attende til Meland kommune p.b. 79, 5906 Frekhaug. Avtalene vil bli tinglyst og eit eksemplar vil bli sendt tilbake til dykk. Alle kostnader med tinglysing m.m. vil bli dekkja av kommunen.

Avtalen regulerer ikkje spørsmålet om pålagt tilknytning til leidningsnettet for grunneigarane, tilknytingsavgift og liknande. Slike forhold løysast av dei elles gjeldande lovregler og kommunale forskrifter.

Erstatning/oppgjær

Ulempeerstatning er ei eingongsutbetaling og Meland kommune har standard satsar. Kommunen har nettopp tatt ein gjennomgang av satsane og valt å auke ulempeerstatninga.

Ny ulempeerstatning er no satt til:

over full- og overflatedyrka mark	kr 30,- per m grøft (tidlegare 25,-)
over gjødsla beite	kr 20,- per m grøft (tidlegare 15,-)
over anna jord	kr 5,- per m grøft (tidlegare 2,50,-)
over produktiv skog	kr 16,- per m grøft
kummar	kr 3000,- per kum (ikkje gitt tidlegare)

Godgjeringa som er oppført i avtalen vil bli utbetalt etter at arbeidet er utført og etter målte lengder i terrenget.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dersom de har spørsmål eller merknader til utbygginga i høve til plassering m.m. kan de kontakte prosjektleiar Harry Finseth på tlf. 56171176 eller e-post harry.finseth@meland.kommune.no.

Med helsing

Kristin Moe
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Avtale mellom Meland kommune og Else Karin Iversen

D1

D2

D3

D4

Mottakere:

Else Karin Iversen

Haakonsvernveien 5173
149

LODDEFJORD